



*Øverst: Målfrid Robøle, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Morten Steinsrud, Berit Karlberg Myrvang.
Nederst: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Morten Steinsrud, Berit Karlberg Myrvang.*

Årsmelding **for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2022**

Eldrerådet har i 2022 hatt denne samansetninga:

Medlem:

Solveig Rydland, leiar
Gudbrand Dahle, nestleiar
Astrid Lunde
Morten Steinsrud Sp
Berit Karlberg Myrvang Sv
Målfrid Robøle kontordame

Varamedlem:

Ingfrid Rotevatn
Erik Gjerdalen
Eli Lund Enger
Magne Mjøs Sp
One Enerud

Den nye kommunelova § 5 – 12 (Vedteken i Stortinget juni 2018) inneheld forskrift om kommunale råd for eldre.

Forskrifta skal sikra ein brei, open og tilgjengeleg medvirkning frå eldre gjennom eldrerådet i alle saker som gjeld dei.

Rådet er eit rådgjevande medverkningsorgan for kommunen der medlemane i eldrerådet vert rekna som folkevalde på lik line med andre som sit i folkevalde organar.

Vedtekter i kommunelova som gjeld folkevalde organ, gjeld og for eldreråda.

Øystre Slidre eldreråd har i 2022 hatt 9 møter. Me har samarbeidd noko med Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, og hatt nokre møter saman.

*Eldrerådet har dette året handsama 59 saker.
Dette er 10 fleire enn i fjor.*

Rådet som har eigen aktivitetsplan, ser at antall møter held seg stort sett stabilt, men har og bære preg av meir djuptgåande innhald i saker. Her kan nemnast innspel til økonomiplanen (saman med råd for menneske med nedsett funksjonsevne) demensomsorga, innspel til helse- og omsorgsplanen, livsglede for eldre og datakafe for eldre på Biblioteket

Eldrerådet har vore i nært samarbeid med folka på det nye Helsetunet. Noko som m.a. resulterte i regional temadag for Valdres sine eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette foregjeikk på det nye Helsetunet 24.mai med «Livsglede» som tema. Siri Bjerkan og Lene Sødal frå organisasjonen «Livsglede for eldre» tok del saman med Ingvild Fjellstad Bø frå Innlandet fylkes eldreråd, samt våre eigne aktørar. Alle fekk tilbod om omvisning på det nye bygget. Dei vel 30 deltakarane har kome med gode tilbakemeldingar!

Eldredagen 1.okt blei i år blei ikkje markert, men eldrerådet hadde stand på kommunen sin «Open laurdag». Brosjyrer frå «Livsglede for eldre» blei delt ut.

I samarbeid med kommunen, pensjonistlaget og eldrerådet blei det 8.november invitert til julemiddag for pensjonistar i festsalen på Tingvang. Ordførar Odd Erik kom med helsing med nytt frå kommunen. Leiar i Frivilligsentralen, Liv Vingdal orienterte om frivilligheit og leiar i pensjonistlaget og eldrerådet orienterte om arbeid i sine sektorar. Med allsong og musikk v/Torgeir Onstad, innslag frå kulturskulen, dansemusikk ved Skarvemellin, nydeleg julemiddag frå Bente Rakstad, blei kvelden ei god oppleving for 137 deltakarar etter nedstenging og pandemi.

Eldrerådet tok og del i Regionmøtet i Valdres for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Etnedal 29.11.2022. Ulike tema blei presentert.

Eldrerådet har vore orientert om:

- *Bustad for velferd*
- *Livsglede for eldre*
- *Busetjing av flyktningar*
- *Domstolstruktur*
- *Frivilligsentralen og arbeid med flyktningar*
- *Aktivitetskoordinator og budsjett*
- *Frå eldrerådskonferansar Hamar/Lillehamar*
- *Fysioterapitenesta*
- *Status arealplan (gang/sykkelveg, uteareal, sentrumsgrenser*
- *Kunsten på Helsetunet*
- *Nytt Helsesenter*
- *Tingvangfeltet og Herang bustadområde (Tilbod om kjøp av festa tomter)*
- *Helse og tilrettelagte tenester*
- *«Rikets tilstand» ved rådmann Jostein*
- *Krevande økonomiplan*
- *Utfordringar med frivilligheit og utanforskap*
- *Oppvekstplan*
- *Handlingsreglar for bruk av eigedomsskatt*

Eldrerådet har gjeve uttale til:

- *Innspel til strategiarbeid for Helsefellesskap Innlandet*
- *Innspel til økonomiplan*
 - Innspel 1 - Ergoterapeut*
 - Innspel 2 - Demensplan og demensteam med koordinator*

Andre møter:

- *Leiar har teke del i ulike møter vedrørande temadagen «Livsglede» 24.05.2022*
- *Leiar har teke del i møter i samhandlingsrådet for Frivilligsentralen*
- *Leiar har skrive helsing til offisiell opning av kunst på Øystre Slidre Helsetun (lese opp av vara Ingfrid Rotevatn)*
- *Leiar har teke del i samling av eldreråda i Innlandet fylke*

- Leiar har samarbeidd med kommunen og styret i pensjonistlaget om julemiddag for eldre
- Leiar har teke del i møter med medlemmer i råd for menneske med nedsett funksjonsevne om innspel til økonomiplanen
- Leiar har teke del i møter med kultursjef vedrørende bekjening av kunst på Helsetunet
- Leiar har teke del i møter med flyktingane

Eldrerådet takkar administrasjon og politikarar for god orientering og godt samarbeid i ulike saker som vedkjem eldre og set stor pris på gjensidig dialog med dykk alle!
Saman står vi sterke i arbeidet for våre medborgarar!

Årsmelding er vedteken i eldreråd den.....07.03.2023.....

Solveig Rydland